



ODDA KOMMUNE  
Opheimsgata 31  
5750 ODDA

Dato: 02.05.2017  
Vår ref.: 2017/56-9  
Saksbehandlar: karklep2  
Dykkar ref.:

## **STRATEGISK VIKTIGE PROSJEKT -KONSESJONKRAFTMIDLAR TILSEGN OM TILSKOT PÅ INNTIL KR 2 000 000 TIL PROSJEKT OMDISPONERING AV MIDLER - TRALLEBANEN TIL LINDEHUS - SP15- 2017.**

Vi viser til søknaden dykker med prosjektplan, datert 05.01.2017, om tilskot til ovannemnde prosjekt.  
I vårt brev den 21.02.2017 vart de orientert om at førebels tilsegn om tilskot på inntil 2 mill. kr til Trallebana i Skjeggedal vart trekt attende til fordel for Lindehuset jamfør fylkesutvalet sitt vedtak i møte 26.01.2017:

1. *Fylkesutvalet godkjenner søknad om å omdisponera kr 2,0 mill. i «konsesjonskraftmidlar» gitt til Mågelibanan, til finansiering av restaurering av taket på Lindehuset.*
2. *I tildelingsbrevet skal det leggjast inn vilkår som sikrar at tiltaket vert gjennomført etter intensjonen og på bakgrunn av den nye plan for framdrift og fullfinansiering av Byggetrinn 1, og at fylkeskommunen si rolle vert synleggjort.*

Det er med glede vi her fylgjer opp med eige tilsegn om at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 2 000 000 til prosjektet frå budsjettet for Strategisk viktige prosjekt -konsesjonkraftmidlar.

For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt.

Tilsegna gjeld til 30.04.2019. Eventuell søknad om forlenging av tilsegna må sendast sakshandsamar før denne dato.

### **1. Prosjektgrunnlag**

Følgjande opplysningar er henta frå søker si beskriving av søknaden;

#### **Bakgrunn**

*Lindehuset er ett av de fredete bygningene som eies av Odda kommune. Det er en av de eldste bygningene på Odda Smelteverk. Bygningen brukes som teater og til andre kulturaktiviteter, men er helt uisolert og i dårlig stand. Istandsettelse er kostbar fordi antikvarisk korrekt restaurering er nødvendig, men helt nødvendig for at bygningen skal kunne brukes hele året. Odda er et viktig regionssenter, og et fungerende kulturhus er av avgjørende betydning for dette.*

*Odda kommunestyre har vedtatt en finansieringsplan for Lindehuset i mai 2016. I denne planen medregnes de midlene som Odda kommune har fått tilsagn til fra fylkeskommune, og et mindre bidrag fra fylkeskommune og riksantikvar. Odda kommune bidrar med tilsvarende beløp, som allerede er avsatt i økonomiplanen.*

*Bygningen brukes som teater og til andre kulturaktiviteter, men er helt uisolert og i dårlig stand. Odda er et viktig regionssenter. Bedre opplevelse for brukere av arrangementer. Oddas rolle som regionssenter styrkes. Det blir mulig å holde større konferanser osv. i Odda.*

### **Prosjektmål**

*Sette Lindehuset i stand slik at det kan fungere som kulturhus hele året. For kommunen er det helt vesentlig å istrømme og etterisoler Lindehuset for å få til ny bruk. Ny bruk av Lindehuset er viktig for utvikling av Smelteverkstomta og Odda sentrum.*

### **Aktiviteter**

*Lindehuset brukes til mange kulturarrangementer og er et viktig kulturminne som vitner om Oddas tidlige industriutbygging.*

*Lindehuset ligger midt i Odda sentrum og istrømme og oppgradering av bygningen vil spille en viktig rolle for regional utvikling. Et fungerende kulturhus er av avgjørende betydning for at Odda blir mer attraktiv som besøksmål. Lindehuset har stor plass og kan romme store arrangementer. Litteratursymposiet er blant de viktigste i landet, og har betydd mye for Oddas omdømme.*

### **Tidsplan**

*Prosjektet er inndelt i to byggetrinn der 1. byggetrinn inngår i denne søknaden og omfatter istrømme av tak, vinduer i tak og isolering av tak. Arbeidene planlegges utført i 2018.*

*Byggetrinn 2 omfatter fasader, vinduer, isolering av vegger og oppgradering av interiør. Arbeidene planlegges utført i 2020. Byggetrinn 2 avhenger av ny finansieringsplan som vil bli utarbeidet i 2019. Byggetrinn 2 krever flere avklaringer blant annet i forhold til fremtidig bruk av Lindehuset.*

### **Organisering**

Prosjekteigar: Odda kommune

Organisasjonsnr.: 964 967 814

Prosjektleiar: Thomas Stødle Rasmussen. Epost: thomas.s.rasmussen@odda.kommune.no

### Prosjektorganisering:

Thomas Stødle Rasmussen, som er ingeniør ansatt ved Bygg og Eiendom, vil stå for prosjektledelse.

Istrømme av taket på Lindehuset prosjekteres. Dette ble satt i gang i juni 2016 og pågår i skrivende stund.

### Samarbeidspartnalar:

Byantikvar i Odda, Jorunn Monrad, har utarbeidet finansieringsplan i samarbeid med Høyre Odda, Gro Lavold, og Thomas Stødle Rasmussen.

Norconsult er blitt tildelt oppdraget med prosjektering av taket på Lindehuset.

Gro Lavold har fått oppdraget som arkitektonisk rådgiver, og besørger at prosjektering utføres på antikvarisk korrekt vis. Hun holder også kontakt med fylkeskommune.

Thomas Stødle Rasmussen er prosjektleder for Odda kommune, avdeling bygg og eiendom.

### **Forankring i HNH**

Utvikling av attraktive senter i Hordaland er eit av innsatsområda i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH). Satsinga på å utvikle attraktive regionsenter står sentralt og er eit av dei prioriterte områda under innsatsområde for «*Heilskapleg samfunnsutvikling*». Prosjekt som er utviklingsretta og som står opp under handlingsprogrammet i Regional plan for attraktive senter i Hordaland  
[http://www.hordaland.no/regional\\_plan\\_for\\_attraktive\\_senter](http://www.hordaland.no/regional_plan_for_attraktive_senter) er særleg prioritert.

Bransjar med særskilt fokus er også eit prioritert innsatsområde i HNH med mellom anna fokus på reiseliv og kulturbasert næringsliv, som også er satsingsområder i Odda og regionen.

## 2. Godkjende kostnadar og godkjend finansieringsplan

Hordaland fylkeskommune har tidlegare gjeve førebels tilsegn til opprustinga av Lindehuset som kulturhus og regional kulturaréa på samla kr. 4,3 mill. til opprusting av taket på Lindehuset. Samla tilsegn frå fylkeskommunen, inklusiv her omdisponering av midlane frå Måglibanen på kr. 2,0 mill., utgjer under halvdelen av nye totale kostnader for 1. byggetrinn. Forutsett ei fullfinansiering av prosjektets 1. byggetrinn, der ny støtte frå Riksantikvaren inngår og ny plan for finansiering og framdrift vert vedteken av Odda kommune, vil prosjektet kunna realiserast i 2018. At restaurering av taket til Lindehuset no vert gjennomførbart er avgjera.

Ein eventuell søknad frå Odda kommune om ytterlegare støtte frå fylkeskommunen med kr 538 000 er ikkje ein del av denne saka og vil bli fremma som eiga sak nå ein slik søknad ligg føre.

**Løyvd beløp:** 2 000 000

**Godkjend kostnadsplan**

**Søknadsbeløp:** 2 000 000

**Byggetrinn 1** denne søknad

**Byggetrinn 2** ikkje søkt nå

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
<b>Byggetrinn 1</b>			<b>14 000 000</b>			<b>14 000 000</b>
<i>Byggetrinn 2</i>					<b>9 381 375</b>	<b>9 381 375</b>
<b>Sum kostnad</b>			<b>14 000 000</b>		<b>9 381 375</b>	<b>23 381 375</b>

**Godkjend finansieringsplan**

**Byggetrinn 1** denne søknad

**Byggetrinn 2** ikkje søkt nå

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
komunale midler	<b>662 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 500 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>5 162 000</b>
midler til regionale utviklingstiltak, HFK		<b>2 000 000</b>				<b>2 000 000</b>
midler til regionale utviklingstiltak, HFK		<b>3 000 000</b>				<b>3 000 000</b>
midler til regionale utviklingstiltak, HFK			<b>538 000</b>		<b>3 881 375</b>	<b>4 419 375</b>
Riksantikvar		<b>3 500 000</b>		<b>1 500 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>6 000 000</b>
Spillemidler, HFK	<b>300 000</b>					<b>300 000</b>
Stiftelsen UNI	<b>500 000</b>				<b>1 000 000</b>	<b>1 500 000</b>
Tilskot regionale kulturbrygg, HFK		<b>1 000 000</b>				<b>1 000 000</b>
<b>Sum finansiering</b>	<b>5 462 000</b>	<b>7 038 000</b>	<b>1 500 000</b>	<b>2 500 000</b>	<b>6 881 375</b>	<b>23 381 375</b>

## 3. Vilkår for tilskotet

Generelle vilkår:

- Større endringar i prosjektplanen, derunder endringar i budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av prosjekteigar.
- Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser. Fylkeskommunen sin finansieringsdel her på 2 mill. kr kan dekkja inntil 14,3 % av dei godkjende kostnader.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli skjønnsmessig avkorta.
- Informasjon om prosjektet kan verte omtala på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

## Profiling

- I alle presentasjonar av, og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.
- Retningsliner for profiling av Hordaland fylkeskommune; [www.hordaland.no/profil](http://www.hordaland.no/profil)

## Årsrapportering (for fleirårige prosjekt)

- Tilsegnsmottakar skal sende ein årsrapport til fylkeskommunen pr. **1. mars kvart år**, så lenge prosjektet pågår.

## Delutbetaling

- Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnadar (last opp relevante vedlegg).
- Delutbetaling vil verte gjort i høve til godkjend kostnadsprosent på **14,3 % av akkumulerte kostnadar**, maksimalt inntil 75 % av løyvd beløp på kr 2 000 000. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning, sjå neste avsnitt.

## Prosjektavslutning og sluttutbetaling

- Straks prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakaren sende oppmoding om sluttutbetaling gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no) under «Ny utbetaling».
- I samband med oppmoding om sluttutbetaling skal det fyllast ut ein sluttrapport og kostnadsrapport i [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Dette må skje innan 30.04.2019.
- Sluttrapporten og sluttrekneskapen skal handsamast av dei styrande organa i prosjektet og godkjennast av prosjekteigar. Signert *Sluttrekneskap for prosjektet* lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling i [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Dette gjev formelt grunnlag for endelig utbetaling av tilseigna.
- Statsautorisert- eller registrert revisor skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn over kr 100 000.
- Tilsegnsmottakaren har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

## Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilseigna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i løvvingsreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føresett.

## Klage / innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen eller på epost til [regional@hfk.no](mailto:regional@hfk.no)

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

**Kontaktperson**

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;  
Kari Patricia Kleppe  
Epost: [kari.patricia.kleppe@hfk.no](mailto:kari.patricia.kleppe@hfk.no)  
Mobil: 90993968

Vi ynskjer dykk lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Med helsing

Bård Sandal  
fylkesdirektør Regional utvikling

Arthur Kristian Arnesen  
konst. næringssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Thomas Stødle Rasmussen

Vedlegg: Standardvilkår og Sluttrekneskapsskjema

Vi ber om at de signerer og returnerer følgjande standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

### Standardvilkår for Strategisk viktige prosjekt -konsesjonkraftmidlar

**Prosjektnamn:** Omdisponering av midler - Trallebanen til Lindehus  
**Tilsegnsnr.:** SP15-2017                    **Løyvd beløp:** 2 000 000  
**Vår ref. (arkiv):** 2017/56

---

#### Følgjande kontrollerast av tilsegnsmottakar:

**Tilsegnsmottakar:** Odda kommune

**Postadresse:** Opheimsgata 31,  
5750 ODDA

**Org.nr.:** 964 967 814

**Kontaktperson:** Thomas Stødle Rasmussen

**Telefon:** 53 65 44 03                    **Mobil:** 97558553

**E-post:** thomas.s.rasmussen@odda.kommune.no

#### Sakshandsamar

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Kari Patricia Kleppe

E-post: kari.patricia.kleppe@hfk.no

Mobil: 90993968

**Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.**

Signert standardvilkår av prosjekteigar:

Stad: *Odda* ..... Dato: *04.06.17*

Signatur prosjekteigar: *Ruth Jon U*



**Returadresse:** Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen  
**Eller på epost til sakshandsamar:** kari.patricia.kleppe@hfk.no

**STRATEGISK VIKTIGE PROSJEKT -KONSESJONKRAFTMIDLAR  
SLUTTREKNESKAPSSKJEMA**

**Prosjektnamn:** **Omdisponering av midler - Trallebanen til Lindehus**

Tilsegnsnr. SP15-2017 Tilskot inntil kr 2 000 000

Vår ref.: 2017/56

**Fyllast ut av tilsegnsmottakar:**

Org.nr. \_\_\_\_\_ Konto.nr.bank/ post \_\_\_\_\_

Namn: \_\_\_\_\_

Postadresse: \_\_\_\_\_

Kontaktperson: \_\_\_\_\_

Telefon/telefaks: \_\_\_\_\_ E-postadresse: \_\_\_\_\_

**SLUTTREKNESKAP:**

**Rekneskapen under skal setjast opp etter same oppsett som er nytta for budsjett (jf. pkt.2 i tilsegnsbrevet).**

<b>Kostnader:</b>			<b>Finansieringsplan:</b>		
Budsjettpost	Rekneskap	Budsjett	Kjelde:	Sluttfinansiering	Budsjett
			-		

**Vi stadfester også at sluttrapporten som vert fylt inn elektronisk i [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no) i forbindning med oppmoding om sluttutbetaling er godkjent av både prosjektleiar og prosjekteigar.**

**Godkjent av prosjektleiar:**

dato

signatur og stempel

**Godkjent av prosjekteigar:**

dato

signatur og stempel

**ATTESTASJON AV REVISOR. GJELD BERRE FOR TILSEGN OVER KR 100 000,-.**

Føremålet med revisor sitt arbeid og rapportering for prosjektet, er å stadfeste økonomisk informasjon registrert i sluttrekneskapen. Revisor skal utføre kontrollar som gjev tilsegnstyrar ei forvissing om at inntektene/ finansieringa og kostnadane i prosjektet er fullstendige og reelle, dokumenterte og korrekt registrerte i rekneskap/ prosjektrekneskap. Tilskotsmottakarar som ikkje er revisjonspliktige, kan få rekneskapen attestert av autorisert rekneskapsførar.

**Avtalte kontrollhandlingar opp mot sluttrekneskapen for prosjektet er gjennomført.**

Godkjent av revisor/ rekneskapsførar:

dato

signatur og stempel

<b>Signert sluttrekneskap lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling i <a href="http://www.regionalforvaltning.no">www.regionalforvaltning.no</a></b>
--